

Oppsummering frå Generalforsamlinga til Sogn og Fjordane Næringsråd i Florø 30. mai.

Sogn og Fjordane Næringsråd takkar alle som deltok på Generalforsamlinga vår i Florø 30. mai. Ei særleg takk til alle innleiarane og Stortingsrepresentantane våre. I ei svært hektisk tid på Storinget var det ekstra stas at alle hadde tid til å delta både på samlinga og ikkje minst vere med å svare på spørsmål og kome med kommentarar. For våre medlemmar og dei som var på samlinga var dette viktig og det blir mykje å bygge vidare på framover.


Sogn og Fjordane Næringsråd er også svært glade for at det deltok mange frå viktige organisasjonar både lokalt og nasjonalt. Det bygger sterke band som gjer at vi kan ha tett og god dialog om viktige saker for næringslivet i Sogn og Fjordane og Vestland framover. Ikkje minst gjeld dette for dei tema som vi hadde på Generalforsamlinga med Fornybar Energi, Norsk eigarskap og den viktige havbruksnæringa i Sogn og Fjordane.

På den formelle Generalforsamlinga vart Årsrapporten og rekneskapen for 2022 godkjent og sakene vart vedteke slik innstillinga var. Når det gjeld val til styre hadde 2 av nestorane i styret sagt frå seg attval. Både Leif Arne Åsen og Elin Tveit Sveen fekk gode ord og takk for svært godt arbeid for Sogn og Fjordane Næringsråd heilt frå skipinga i 2016. Jørgen Drage frå O. Drage Entreprenør AS og Kristin Bergstøl Hansen frå Slakteriet i Florø vart nye styremedlemar.

Heile Generalforsamlinga vart gjennomført på ein rask og effektiv måte og det vart tid til god drøs og samtalar i pausane. Det var lett å høyre. Denne gongen hadde vi svært god hjelp av Johanne Viken Sandnes frå Sparebanken Sogn og Fjordane som programvert. Det sette både vi og møtelyden stor pris på. Sogn og Fjordane Næringsråd vil også nytte høve til å takke fadderbankane våre Sparebanken Sogn og Fjordane og Sparebanken Vest for svært godt samarbeid og viktig deltaking på samlinga.

Sogn og Fjordane Næringsråd jobbar med ein ny strategiplan som vi skal vedta før sommaren. Vi hadde ei svært oppmuntrande og positiv spørjeundersøking som ein del av dette arbeid. Målsettinga er at SFN skal styrke det næringspolitiske arbeidet for våre medlemsbedrifter og næringslivet i Sogn og Fjordane og Vestland. Auka medlemstal vil vere ein viktig faktor framover så vi håpar at dei som ikkje er medlem vil smelle til å bli det, og at ein brukar denne lenka for å bli medlem. [Bli medlem – Sogn og Fjordane Næringsråd \(sf-n.no\)](https://sf-n.no)

Ta gjerne kontakt om det er spørsmål, synspunkt eller kommentarar til Generalforsamlinga eller viktige saker de ønskjer å ta opp.


Yngve Hallén
Styreleiar


Bjørn Lødemel
Dagleg leiar

